



KODE v Line Daatland og Karen Hindsbo

Dato: 09.05.2016

Vår ref.: 2016/573-107

Saksbehandlar: tonhaug

Dykkar ref.:

Bruk av konservator på samtidskunst som konsulent/rådgjevar i søknadshandsaming

Som ein del av vår auka satsing på profesjonell kunst og ein tydlegare kunstpolitikk -jf regional kulturplan - har Hordaland fylkeskommune revidert og lagt om ein del av sine stønadsordningar. Dette inneberer at vi treng meir reint kunstfaglege innspel i nokre av våre ordningar. Vi ber difor om å bruke dykker konservator Eli Okkenhaug, med hennar kompetanse innan visuell samtidskunst, til å gje innspel til sakshandsamar når det gjeld søknader og søkjrarar frå dette feltet. Dette gjeld innan søknadsordninga *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell*. Det vil vere snakk om gjennomgang av søknader saman med sakshandsamar der ein kommenterer munnleg. Vi reknar at dette vil ta omlag 2 timer.

Eli Okkenhaug er førespurd om dette og er villig til å ta på seg arbeidet. Vi beklager at denne formelle henvendinga ikkje er blitt sendt før. Dette grunna tidspress og fristar for levering til politisk handsaming.

Som bakgrunn viser vi elles til utdrag frå politisk sak om retningsliner og innretting av søknadsordninga *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell*:

Vurdering av søknader med kunstfagleg innhald i ordninga

Det er stor aktivitet innan det profesjonelle, frie samtidskunstfeltet i Hordaland, og fylkeskommunen tek i mot mange søknader om stønad til ulike prosjekt. Mange av søknadane kjem frå einskildkunstnarar/kunstnargrupper, og det kan vere vanskeleg å skilje og prioritere desse ut frå dei breie, meir ålmenne kriteria som har ligge til grunn for t.d. ordninga Ålmenne kulturføremål. Det er også vanskeleg å vurdere i kva grad slike prosjekt og produksjonar har verdi for kulturlivet i større delar av fylket. Ein har difor sett eit behov for ei forsvarleg kunstfagleg vurdering av slike søknader, dvs. av kvaliteten i prosjektet og søkjane si gjennomføringsevne og realisme.

Vurdering av søknadane inneber både kunstfaglege og kulturpolitiske element. Det er viktig at tiltaket vert vurdert som realistisk, kunstnarleg relevant og av høg kvalitet. Det kan vere strukturelt problematisk at eit politisk vedtak også er ei kunstfagleg vurdering. Norsk kulturråd jobbar t.d. etter prinsippet armlengds avstand, noko som inneber at det politiske ansvaret er avgrensa til å vedta rammer og overordna målsettingar for kunstpolitikken, medan det vert eit kunstfagleg ansvar å foreta vurdering og tildeling til enkelte kunstprosjekt.

Slik fylkesrådmannen ser det, er dette er ei økonomisk avgrensa ordning som gjeld mange kunstartar og sjangrar, og som heller ikkje er avgrensa til kunstproduksjon. Det er difor ikkje høveleg å etablere eit sett med faste komitear for kvar sjanger/kunstart. Fylkesrådmannen ser det som aktuelt å innhente kunstfaglege råd frå fagmiljøa i saksførebuinga og vil tilrå å samarbeide med dei regionale kompetansesentra innan ulike kunst- og kulturformer, t.d. Hordaland kunstsenter, Norsk forfattersentrums, Proscen(frie scenekunstnarar).

Prosjekt og tiltak vil bli lagt fram for utpeikte og kompetente rådgjevarar for vurdering av kunstnarleg kvalitet. Fylkesrådmannen vil i innstillinga sjå desse innspela i samanheng og ta ei heilskapleg vurdering for heile søknadstilfanget. Det skal gå fram av saksframlegget kven som har gitt råd i saka, og habilitetsreglementet vil bli lagt til grunn.

Vi er glad for den gode kompetansen KODE har, og håper at de ser det som positivt vi m.a. på denne måten nyttar denne.

Ronny Skaar
Seksjonsleiar Kunst- og kulturformidling/utviklingsjef

Tone Stedal Haugland
Seniørrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.